



ING. ASBJØRN DANIELSEN HOLDING AS
Fabrikkgaten 5

5059 BERGEN

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Anne Rita Eriksen	926 46 329	2020/2487-5		24.09.2020

IGONGSETJINGSLØYVE - EITT-TRINNSSØKNAD – delegert vedtak

Tiltak:	Fritidsbustad
Gnr/bnr:	30/33
Byggestad/adresse:	Hjortåsvågen 182, 5635 Hatlestrand
Tiltakshavar:	Jarle Tveiten, Heradstveitvegen 201, 5620 Tørvikbygd
Ansvarleg søkjar:	Ing. Asbjørn Danielsen Holding AS, Fabrikkgaten 5, 5059 Bergen
Matrikkel:	BYA= 140 m ² BTA= 131 m ² BRA= 125 m ²

Delegert vedtaksnr.: 2020/443

Med heimel i plan- og bygningslova (PBL) § 20-3 vert søknad journalført 31.08.2020 og 16.09.2020 med tilhøyrande planar og teikningar godkjent. Godkjenninga omfattar òg tiltaksklassar, gjennomføringsplan og ansvarsrettar for funksjonane SØK, PRO og UTF i t.kl.1 for firma:

- Ing. Asbjørn Danielsen AS; SØK, PRO for arkitektur, tømrrar og betongarbeid.
- Byggadm. H. Bjørndalen AS; PRO for grunnarbeid og PRO for utstikking.
- Skarvatun VVS; PRO og UTF for VVS.
- Arve Kjærland graving/sprenging; UTF for utstikking og grunn- og betongarbeid.
- R&R Altus AS; UTF for tømrrararbeid.

Vilkår:

1. Innmålingsdata for oppdatering av kart må sendast inn straks tiltaket er plassert, seinast ved søknad om bruksløyve/ferdigattest.
2. Sjå vilkår i tilknytingsløyve frå kommunalteknikk, datert 01.09.2020

Tiltaket kan igangsetjast straks.

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato, etter denne tid fell løyvet bort. Dersom føresetnadane vert endra i høve til dette løyvet, må det søkjast om endring av løyve.

Dette løyvet er eit enkeltvedtak som ein kan klaga på etter vilkåra i forvaltningslova § 28 og PBL § 1-9. Klagefristen er 3 veker i frå løyvet vert motteke.

Grunnlag for løyvet

- Plassering: Tiltaket er i samsvar med planar og vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova. Estimert mønehøgde er oppgitt til 53.8.
- Nabovarsel: Naboar og gjenbuarar er lovleg varsla. Det ligg ikkje føre merknader.
- Naboerklæring: Eigar av 30/2 har gitt løyve til at hytta kan plasserast med ein minsteavstand på 2,5 meter frå deira felles grense.
- Ansvar: Alle deler av tiltaket er dekkja av ansvar med tilhøyrande ansvarsrett til ansvarlege føretak.
- Estetikk: Tiltaket har grei utforming i høve til rimelege estetiske omsyn.
- Naturmangfaldlova: Ingen truga artar eller naturtypar er registrert i området.
- Kulturminne: Ingen registreringar i området.

Merknader

- Dette løyvet er sendt til ansvarleg søkjar som skal varsla prosjekterande og utførande om løyvet og vilkåra til dette.
- Rekning for saksbehandlorgebyr ifølgje vedtekne gebyrregulativ vert sendt frå Økonomikontoret til tiltakshavar.
- Søknad om ferdigattest med oppdatert gjennomføringsplan og sluttdokumentasjon må sendast kommunen i samsvar med PBL § 21-10 når tiltaket er ferdig. Bygningen må ikkje takast i bruk før ferdigattesten eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Alle lovtilvisingar i dette løyvet kan ein finna under internettportalen: **www.dibk.no**

For kommunedirektøren i Kvinnherad

Anne Rita Eriksen
Fagkoordinator byggesak

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Kopi til:

Tiltakshavar
Referatsak forvaltningsutvalet
Matrikkelen
Sektor for teknikk og miljø